

# Epleblomsten AS

## ROS-ANALYSE

Rapporten er utført av:  
**SØR ARKITEKTER (SØNDERGAARD RICKFELT AS)**

Oppdragsgivar:  
**Epleblomsten AS**

Utarbeida:  
**14.04.21**

## Innhald

|          |  |           |
|----------|--|-----------|
| <b>1</b> | <b>BAKGRUNN</b> .....                                      | <b>2</b>  |
| 1.1      | KORT OMTALE AV PLANFORSLAGET .....                         | 2         |
| <b>2</b> | <b>METODE</b> .....  | <b>2</b>  |
| 2.1      | OMTALE AV METODEN.....                                     | 2         |
| 2.2      | USIKKERHEIT I ROS-ANALYSEN .....                           | 2         |
| <b>3</b> | <b>ANALYSE AV RISIKO</b> .....                             | <b>2</b>  |
| <b>4</b> | <b>UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVEN SAR OG TILTAK</b> .....     | <b>5</b>  |
| <b>5</b> | <b>OPPSUMMERING MED SPESIFISERING/TILTAK</b> .....         | <b>10</b> |
| 5.1      | NATUR OG MILJØFORHOLD: Lausmasse-/leirskred .....          |           |
| 5.1      | Kulturminne og verneverdige bygg .....                     |           |
| 5.2      | TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR: Sløkkevasskapasitet ..... |           |
| 5.3      | ANDRE FORUREININGSKJELDER: Støv og støy.....               |           |
| 5.3      | Radongass.....   |           |
| 5.4      | Påkjørsel av mjuke trafikantar.....                        |           |

## 1 BAKGRUNN

I samsvar med plan- og bygningsloven § 4-3 skal det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for reguleringsplaner før dei blir handsama politisk. ROS-analysen bygger på den kunnskapen om planområdet og arealbruken som ligg føre. Den skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan ha innverknad på om arealet er egna til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Søndergaard Rickfelt har utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Metodikken er basert på identifikasjon av uønska hendingar og farer gjennom ei sjekklister. Sannsynlighet og konsekvens for dei identifiserte hendingane er vurdert og samanstilt i ei risikomatrix. Det er også fremma forslag til avbøtande tiltak.

### 1.1 KORT OMTALE AV PLANFORSLAGET

Planforslaget legg til rette for etablering av tilstrekkeleg lagerkapasitet i tilknytning til produksjonslokala til Epleblomsten AS. Nærare detaljar om planområdet finst i planomtalen.

ROS-analysen omfattar både planområdet og eksterne farer eller hendingar som kan få konsekvensar for tiltaket. Dette kan vera hendingar som oppstår på grunn av tiltaket eller hendingar som oppstår uavhengig av tiltaket, men som kan få konsekvensar for tiltaket.

## 2 METODE

### 2.1 OMTALE AV METODEN

Analysen er gjennomført i samsvar med rettleiar frå DSB<sup>1</sup>. Analysen er basert på foreliggende forslag til reguleringsplan for Epleblomsten AS, med planillustrasjonar.

Moglege uønska hendingar er vurdert og sortert i hendingar som kan påverke funksjonen, utforminga mm til sjølve planområdet, og hendingar som kan påverke omgjevnadane/miljøet (dvs. konsekvensar for og konsekvensar av planen).

### 2.2 USIKKERHEIT I ROS-ANALYSEN

ROS-analysen er gjennomført på bakgrunn av eksisterande grunnlagsmateriale, kjente data og registreringar. Analysen er ei enkel ROS-analyse utført på reguleringsnivå og vil derfor ikkje fange opp alle variablar. Dersom forutsetningen blir endra i etterkant, eller ein blir kjent med nye variablar, bør ROS-analysen reviderast.

Generelt vil all menneskeleg aktivitet innebera ein viss risiko. I analysen er det forsøkt å kvantifisere sannsynlighet for og konsekvens av ulykker og hendingar. I dette ligg det ein stor grad av uvisse, ettersom det manglar både informasjon og metodar som gir eksakte utrekningar. Målet er å identifisere dei risikoane som endrast som følgje av tiltaket og som ein derfor skal ta omsyn til i planlegginga og gjennomføringa av prosjektet.

## 3 ANALYSE AV RISIKO

Vurdering av **sannsynlighet** for uønska hendingar er delt i:

---

<sup>1</sup> Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planleggingen. 2017*

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

|                       |   |
|-----------------------|---|
| Svært sannsynleg (4)  | kan skje regelmessig; hendinga inntreff meir enn ei gong kvart år                                     |
| Sannsynleg (3)        | kan skje av og til; hendinga inntreff mellom ei gong kvart år og ei gong kvart 10. år                 |
| Mindre sannsynleg (2) | kan skje; hendinga inntreff mellom ei gong kvart 10. år og kvart 50. år                               |
| Lite sannsynleg (1)   | hendinga er ikkje kjent frå tilsvarande situasjonar/tilhøve; inntreff mindre enn ei gong kvart 50. år |

Kriteriane for å vurdere **konsekvensar** av uønska hendingar er delt i:

|                                  | <b>Personskade</b>  | <b>Miljøskade</b>  | <b>Skade på eigedom, forsyning m.m.</b>  |
|----------------------------------|---|--|--|
| Ubetydeleg/ufarlig (1)           | Ingen personskader, kun mindre forseinking;   | Ingen miljøskader, kun mindre forseinkingar                                    | Systembrudd er uvesentleg/midlertidig. Ikkje behov for reservesystem   |
| Mindre alvorleg/ei viss fare (2) | Ingen eller få/små personskader   | Ingen eller mindre miljøskader   | Systembrudd kan føre til skade dersom reservesystem/ alternativ ikkje fins. Omkostningar opp til NOK 3 millionar.                    |
| Alvorleg/farleg (3)              | Inntil 4 døde og /eller få men alvorlege (behandlingskrevjande) personskader        | Større skader på miljøet med opptil 10 års restaurering                        | System blir sett ut av drift over lengre tid (fleire døgn). Omkostningar opp til NOK 30 millionar.                                   |
| Svært alvorleg/svært farleg (4)  | Under 25 døde og/eller inntil 10 farlege skader, mange alvorlege og lettare skader. | Alvorlege skader på miljøet med opptil 25 års restaurering.                    | System blir sett ut av drift over lengre tid; andre avhengige system blir midlertidig ramma. Omkostningar opp til NOK 500 millionar. |
| Katastrofalt (5)                 | Over 25 døde og/eller meir enn 10 farlege skader og eit stort tal andre skader.     | Svært alvorlege og omfattande skader på miljøet, med over 25 års restaurering. | Hovud- og avhengige system blir sett permanent ut av drift. Omkostningar over NOK 500 millionar.                                     |

Karakteristikk av risiko som funksjon av sannsynlighet og konsekvens er gitt etter tabell 1.

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

Tabell 1 Matrise for risikovurdering

| Konsekvens:<br>Sannsynlighet: | 1. Ubetydeleg | 2. Mindre alvorleg | 3. Alvorleg | 4. Svært alvorleg/<br>svært farleg | 5. Katastrofalt |
|-------------------------------|---------------|--------------------|-------------|------------------------------------|-----------------|
| 4. Svært sannsynleg           |               |                    |             |                                    |                 |
| 3. Sannsynleg                 |               |                    |             |                                    |                 |
| 2. Mindre sannsynleg          |               |                    |             |                                    |                 |
| 1. Lite sannsynleg            |               |                    |             |                                    |                 |

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig
- Hendingar i gule felt: Tiltak skal vurderast ut frå kostnad ifht. nytte
- Hendingar i grønne felt: Tiltak er vanlegvis ikkje nødvendig

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

#### 4 UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVEN SAR OG TILTAK

Tenkelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i tabellen under. Alle punkta i sjekklista er vurdert, men ikkje alle er vurdert som relevante i denne planen.

(Evt. farge i kolonna for Risiko er henta frå tabell 1)

Tabell 2 Analyseskjema

| Hending/Situasjon  | Aktuelt ? | Kons. for planen | Kons. av planen | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentar/Tiltak/Kjelde  |
|--|-----------|------------------|-----------------|------------|------------|--------|--|
| <b>Natur og miljøtilhøve</b>   |           |                  |                 |            |            |        |  |
| <i>Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>                      |           |                  |                 |            |            |        |  |
| 1. Steinskred/steinsprang  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 2. Lausmasse-/leirskred  | Ja        | Ja               | Ja              | 2          | 3          |        | Viser til Grunnrapport, vedlegg 9, samt kap. 4.14 i planomtalen, som vurderer områdestabilitet som tilfredsstillande, og krav til sikkerhet mot naturpåkjenningar iht. Pbl.§28-1 og TEK 17§7 tilfredsstilt.<br><br>Området ligg under øvre marin grense, og iflg. Rapport med finkornige, meget telefarlege lausmasser. Ved byggesak må gjeldande reglar for sikker byggegrunn følgjast. |
| 3. Snø-/isras  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 4. Dambrudd  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 5. Elveflaum/tidevannsflaum/stormflo   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 6. Overvatn  | Ja        | Ja               | Nei             | 1          | 3          |        | Det er ikkje spesiell risiko for problem knytt til overvatn i planområdet. Utbygging må skje slik at nedbør fortrinnsvis infiltrerast/fordrøyast lokalt.   |
| 7. Endra lokalklima (fjerning av vegetasjonssoner, bygningar som gir ugunstige vindtilhøve osv.) | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 8. Skogbrann (større/farleg)   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 9. Spesielt vindutsette område   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 10. Spesielt nedbørutsette område  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 11. Sårbar flora/fauna/fisk  | Ja        | Nei              | Nei             | 1          | 1          |        | Det er rutinemessig gjort ut-sjekk i Naturbasen til Direktorat for Naturforvaltn-  |

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

| Hending/Situasjon  | Aktuelt ? | Kons. for planen | Kons. av planen | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentar/Tiltak/Kjelde  |
|--|-----------|------------------|-----------------|------------|------------|--------|--|
| eller raudlistearter   |           |                  |                 |            |            |        | ing, Artsdatabanken. Det er gjort registreringer i området, men utanfor planområdet, av raudlista artar vurdert som sårbare og nær trua. Dette gjeld observasjonar av fuglar. Registrering frå 1972 av raudlista art vurdert som kritisk trua gjeld sømgjødselbille. Det er ikkje registrert funn i område for planlagt utbygging. Jfr. planomtalen pkt. 4.6.  |
| 12. Verneområde og vassdragsområde   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 13. Kulturminne (automatisk freda) eller verneverdige bygg                       | Ja        | Ja               | Ja              | 2          | 3          |        | Planområdet ligg i nærområdet til freda kulturminne og viktig kulturlandskap. I planen blir det sikra landbruksareal som skjermingsone mellom kyrkjegard og gardstun (føresegnene §3.2.1), og det blir stilt krav i føresegnene til volum og utforming og uttrykk for nye tiltak (§§2.4, 3.3.2). Det blir også lagt inn krav om meldeplikt (§2.7).   |
| 14. Grunnvass-stand  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 15. Vatn med fare for usikker is   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 16. Terrengformasjonar som utgjer spesiell fare                                  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| <b>Teknisk og sosial infrastruktur</b>   |           |                  |                 |            |            |        |  |
| <i>Kan planen/tiltaket få konsekvensar for strategiske område og funksjonar:</i> |           |                  |                 |            |            |        |  |
| 17. Veg, bru, knutepunkt   | Ja        | Nei              | Ja              | 1          | 1          |        | Planlagt utbygging ligg nærare fylkesveg enn generell byggegrense (50 m). Reguleringsplanen opprettheld dagens situasjon, med byggegrense på 14 meter frå fv 360 Vestfold og Telemark fylkeskommune har gitt dispensasjon frå generell byggegrense til fylkesveg, datert den 06.11.2020, vedlegg 10. Dette er stadfesta i uttale til varsling frå fylkeskommunen: <i>Ut frå dei lokale tilhøva kan byggegrense på 14 meter til fylkesvegen godtakast.</i> (Sjå |

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

| Hending/Situasjon                                  | Aktuelt ? | Kons. for planen | Kons. av planen | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentar/Tiltak/Kjelde  |
|--|-----------|------------------|-----------------|------------|------------|--------|--|
|  |           |                  |                 |            |            |        | planomtalen pkt. 3.1)  |
| 18. Tilkomst/ utrykningstid for utrykningskjøretøy | Ja        |                  | Nei             | 1          | 3          |        | <p><u>Krav:</u><br/>«Veiledning. Tilrettelegging for brannmannskap i Nome og Midt-Telemark kommune» definerer innsatstid og krav til atkomst og vassforsyning: «Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter». Krav til vassforsyning er minst 50 l/s. Relevante krav til atkomst er minst 3 meter kjørebredde, svingradius ytterkant vei 8 meter, akseltrykk 12 tonn.</p> <p><u>Oppfylging av krav:</u><br/>Innsatstid: Avstand til Gvarv brannstasjon er ca 8 km.<br/>Vassforsyning: Sjå pkt. 19.<br/>Atkomst: Krav er tilfredsstillt, ihht. Planomtale pkt. 4.9.</p> |
| 19. Sløkkevasskapasitet                            | Ja        | Ja               | Nei             | 2          | 3          |        | Vassforsyning: I eining VAR i M-T kommune kan det ikkje gis eksakt svar på kapasitet, då ein er i arbeid med ein modell for simulering av kapasiteten på ledningsnett i tidligare Sauherad kommune. Dette blir avklart med kommunen i samband med søknad om tiltak.  |
| 20. Forsyning kraft/ elektrisitet                  | Ja        | Nei              | Ja              | 1          | 3          |        |  |
| 21. Tele-/datanett                                 | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 22. Svikt i fjernvarme                             | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 23. Vassforsyning                                  | Ja        | Ja               | Ja              | 2          | 2          |        | Offentlig hovud-vannledning ligg på sørsida av eksist. låve/produksjonslokale. Ved planlagt utbygging vil vannledning bli liggande under ny lasterampe, og det vil vera viktig å vurdere risiko ved f.eks. rørbrudd, ivareta muligheten for framtidig utskifting og kontroll. Krav til tiltak blir sett i føresegnene, §§2.2.2b, 3.4.5.  |
| 24. Avløpssystemet                                 | Ja        | Ja               | Nei             | 2          | 2          |        | Tiltaket er tilknytt offentleg avløp, på vestsida av planområdet. Jfr opplysning   |



## ROS-analyse for Epleblomsten AS

| Hending/Situasjon   | Aktuelt ? | Kons. for planen | Kons. av planen | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentar/Tiltak/Kjelde   |
|---|-----------|------------------|-----------------|------------|------------|--------|---|
|   |           |                  |                 |            |            |        | frå VAR i kommunen, pågår det arbeid med å utarbeide ein modell for simulering av kapasiteten på ledningsnettet, og opplysning om kapasitet må avvente til dette er klart.  |
| 25. Forsvarsområde  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 26. Tilfluktsrom  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| <b>Risiko for verksemd</b>  |           |                  |                 |            |            |        |   |
| <i>Vil planområde vera påverka av, eller medfører planen/tiltaket risiko for:</i> |           |                  |                 |            |            |        |   |
| 27. Anlegg / verksemd som kan utgjera ein risiko                                  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 28. Lager med farleg stoff (væsker, gassar, eksplosiv osv.)                       | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 29. Terror/sabotasje/skadeverk  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 30. Annan kriminalitet  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 31. Sammenrasing av bygningar/konstruksjonar                                      | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| <b>Andre forureiningskjelder</b>  |           |                  |                 |            |            |        |   |
| <i>Vil planområde vera påverka av, eller medfører planen/tiltaket risiko for:</i> |           |                  |                 |            |            |        |   |
| 32. Fare for akutt forureining  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 33. Permanent forureining   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 34. Støv og støy; (industri, trafikk mm.)   | Ja        | Ja               | Nei             | 4          | 2          |        | Delar av planområdet ligg innanfor gul støysone, og ytterst mot fv 360 innanfor raud støysone. Det blir sett krav i føresegnene (§§3.4.2, 3.4.3) til etablering av bygg og anlegg i hht. T1442/2016. Det blir ikkje planlagt for bygg med støyfølsom bruksformål. |
| 35. Forureining i sjø/vassdrag  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 36. Forureina grunn   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 37. Smitte frå dyr og insekt  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 38. Forureining av drikkevasskjelde   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |   |
| 39. Radongass   | Ja        | Ja               | Nei             | 2          | 2          |        | Planområdet ligg i sone med «moderat til lav aktsomhetsgrad» i NGU si kartdatabase geo.ngu.no.  |

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

| Hending/Situasjon   | Aktuelt ? | Kons. for planen | Kons. av planen | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentar/Tiltak/Kjelde  |
|---|-----------|------------------|-----------------|------------|------------|--------|--|
|   |           |                  |                 |            |            |        | Risikoen blir ivareteke av byggeforskriftene. Det er ikkje planlagt nye bygg for varig opphald innafør planområdet.  |
| 40. Høgspenteleine  | Ja        | Ja               | Nei             | 2          | 2          |        | Lokalisering av høg- og lågspente kablar er angitt på kart frå M-T Energi som jordkabel på sør- og vestsida av planlagt lagerbygg, til trafo på nabotomt 154/45. Høgspente blir regulert inn som hensynssone med 1 meter byggegrense på kvar side.   |
| 41. Anlegg for avfalls-handtering   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| <b>Transport og trafikktryggleik</b>  |           |                  |                 |            |            |        |  |
| <i>Vil planområde vera påverka av, eller medfører planen/tiltaket risiko for:</i> |           |                  |                 |            |            |        |  |
| 42. Ulykke med farleg gods  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 43. Brudd i transportnett   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 44. Vêr/føre avgrensar tilgangen til området                                      | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 45. Påkjørsel av mjuke trafikantar  | Ja        | Ja               | Ja              | 2          | 3          |        | Planen legg opp til å vidareføre dagens trafikkbilde, med avkjøring dimensjonert for vogntog for Epleblomsten AS. Det blir ikkje planlagt for auka trafikk. Planområdet har felles avkjøring frå fv 360 med bl.a. Sauar Friskole. Alle elevar blir kjørt med buss eller bil. Det blir ikkje lagt til rette for stopp eller snuareal for bilar i avkjøringa til Sauar, då bringing/henting bør skje i avkjøring til «Sauarberga». |
| 46. Møteulykker   | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 47. Utforkjøring  | Nei       | Nei              | Nei             |            |            |        |  |
| 48. Anleggstrafikk  | Ja        | Nei              | Ja              |            |            |        | Det blir stilt krav i føresegnene om utarbeiding av anleggsplan for å sikre mjuke trafikantar i kommunal veg Sauheradvegen.  |

Risikomatrissen gir ei kvantifiserbar og visuell framstilling av risiko- og sårbarheitsanalysen, og bygger på resultat som går fram av sjekklista. Hendingar i raude felt er ikkje akseptable og krev tiltak. Det må

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

vrderas tiltak for hendingar i gule felt, mens hendingar i grønne felt ikkje har ein signifikant risiko og risikoreducerande tiltak kan vrderast.

Tabell 3 Endeleg risikovurdering med nummer på hending

| Konsekvens:<br>Sannsynlighet: | 1. Ubetydeleg | 2. Mindre alvorleg | 3. Alvorleg   | 4. Svært alvorleg/<br>svært farleg | 5. Katastrofalt |
|-------------------------------|---------------|--------------------|---------------|------------------------------------|-----------------|
| 4. Svært sannsynleg           |               | 34                 |               |                                    |                 |
| 3. Sannsynleg                 |               |                    |               |                                    |                 |
| 2. Mindre sannsynleg          |               |                    | 2, 13, 19, 45 |                                    |                 |
| 1. Lite sannsynleg            |               |                    |               |                                    |                 |

Risikosituasjonen blir oppsummert i følgjande kapittel.

## 5 OPPSUMMERING MED SPESIFISERING/TILTAK

Gjennomgangen av risikofaktorane viser at planen generelt ikkje er risikoprega. Tilhøve som i samsvar med tabell 3 må ha merksemd, og som krev ei vurdering av tiltak (dvs. dei som ligg innafør gule eller raude felt), er omtala nedanfor:

### 5.1 NATUR OG MILJØTILHØVE: 2. Lausmasse-/leirskred

#### KVIKKLEIRESKRED

Kartlagte skredfarlege kvikkleiresoner er vist i NVE sitt aktsemdskart (<https://atlas.nve.no>). Desse sonene kan brukast for å avgrense aktsemdsområde for kvikkleireskred.

NVE har også modellert kart som viser marin grense i Norge. I NVE sin rettleiar *Sikkerhet mot kvikkleirskred* (2014) står det at alle område under marin grense vil vera aktsemdsområde for kvikkleireskred.

Planområdet ligg innafør NVE sine kartlagte område, men er ikkje utpeikt som skredfarleg kvikkleiresone. Men av di det ligg under marin grense må det likevel regnast som aktsemdsområde. I slike område må områdestabiliteten dokumenterast før byggetiltak kan utførast. Det skal gjerast geotekniske undersøkingar av området, og eventuelle løysingar for stabilitet skal omtalast. Det skal leggst ved dokumentasjon på utførte totalsonderingar og lausmasseprøver. Det er ein forutsetning at tiltaket blir utført i samråd med geoteknisk sakkyndig i prosjekterings- og byggefasen.

Det er utarbeida grunnrapport av siviling. Arvid O. Straumsnes, datert 03.02.21 (vedlegg 9, samt kap. 4.14 i planomtalen) som vrderer områdestabilitet som tilfredsstillande, og krav til sikkerhet mot naturpåkjenningar iht. Pbl.§28-1 og TEK 17§7 som tilfredsstilt.

### 13. Kulturminne (automatisk freda) eller verneverdige bygg

Planområdet ligg i nærområdet til freda kulturminne og viktig kulturlandskap. Fylkeskommunen peikar i merknad til varsling på at Sauherad kyrkjestad med kyrkje og kyrkjegard frå mellomalder (id85404), ligg ca. 100 meter nord for planområdet. Både kyrkja og kyrkjegarden er automatisk freda kulturminne.

Forvaltningsansvaret ligg hos fylkeskommunen, som føreset at planarbeidet tek tilbørleg omsyn til kyrkjegarden og omgivnadene til denne, ved utgreiing, dokumentasjon og eventuelt illustrasjon i planforslaget. Omsynet til

I planen blir eksisterande landbruksformål med frukttre vidareført mot kyrkjeområdet, som skjerming mot planlagt utbygging, og det blir stilt krav i føresegnene til estetikk, volum og utforming av nye tiltak (føresegnene §§2.4, 3.3.2).

Det er lagt inn krav til meldeplikt etter Kulturminnelova i reguleringsføresegnene, §2.7.

## **5.2   TEKNISK OG SOSIAL INFRASTRUKTUR:**

### **19.   Sløkkevass-kapasitet**

Rettleiaren *Tilrettelegging for brannmannskap i Nome og Midt-Telemark brann og redning* er utarbeida for å lokalt tilpasse krava om minimum tilrettelegging for brannmannskap jf.§ 11-17 i forskrift om tekniske krav i byggverk (TEK17). Rettleiaren set krav til sløkkevasskapasitet på *minst 50 l/s i annen bebyggelse*. Planområdet er tilknytta kommunalt vatn. I eining VAR i M-T kommune kan det ikkje gis eksakt svar på kapasitet, då ein er i arbeid med ein modell for simulering av kapasiteten på ledningsnettet i tidligare Sauherad kommune. Dette blir avklart med kommunen i samband med søknad om tiltak.

## **5.3   ANDRE FORUREININGSKJELDER:**

### **34.   Støv og støy; (industri, trafikk mm.)**

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) gir tilrådde utandørs støygrenser ved etablering av nye bustader og andre bygg med støyfølsomt bruksformål. For innendørs støy gjelder kravene i byggeteknisk forskrift til plan- og bygningsloven.

Delar av planområdet ligg innanfor gul og raud støysone. Ved etablering av bygg med støyfølsomt bruksformål innanfor gul sone, skal det stillast krav til støvfagleg utgreiing. Innanfor raud sone bør det visast varsemd med å tillate tiltak med støyfølsomt bruksformål.

Det er stilt krav i hht. retningslinje T-1442 i planføresegnene. Det ligg ikkje føre planer om bygg med støyfølsom bruk innanfor støysonene.

### **39.   Radongass**

Radon er ein usynleg og luktfri gass, som kontinuerleg blir danna i jordskorpa. Innandørs kan dette resultere i helsefare om gassen siv inn og blir konsentrert i bygningar. Mengda radon varierer sterkt etter geologiske tilhøve. Planområdet er registrert med moderat til låg grad av aktsemd i høve til radon på NGU sitt kart ([geo.ngu.no/kart](http://geo.ngu.no/kart)).

Med heimel i Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 13 - 5 skal bygningar prosjekterast og utførast med radonforebyggande tiltak, og bygningar for varig opphald skal ha radonsperre mot grunnen.

Det er stilt krav til tiltak mot radonstråling ved etablering av bygg for varig opphald (§3.3.6).

## **5.4   ANDRE**

### **45.   Påkjørsel av mjuke trafikantar**

Planen legg opp til å vidareføre dagens trafikkbilde, med avkjøring dimensjonert for vogntog for Epleblomsten AS. Det blir ikkje planlagt for auka trafikk.

## ROS-analyse for Epleblomsten AS

---

Planområdet har felles av-kjøring frå fv 360 med bl.a. Sauar Friskole. Alle elevar blir kjørt med buss eller bil. Då bringing/henting bør skje i avkjøring til «Sauarberga», blir det ikkje lagt til rette for stopp eller snuareal for bilar i avkjøringa til Sauar.